

Møte onsdag den 13. desember 2006 kl. 10

President: T h o r b j ø r n J a g l a n d

D a g s o r d e n (nr. 33):

1. Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om bevilgninger på statsbudsjettet for 2007, kapitler under Barne- og likestillingsdepartementet, Kultur- og kirkedepartementet og Kunnskapsdepartementet (rammeområdene 2 og 3) (Budsjett-innst. S. nr. 2 (2006-2007), jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2006-2007))
2. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelstingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen gjennomgå lovverket, med sikte på å revidere aktuelle lover, slik at man likestiller tvangsekteskap med voldtekt, dersom ekteskapet «fullbyrdes». Forsøk på å arrangere ekteskap under tvang må følgelig bli å anse som medvirkning til voldtekt.»
3. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelstingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om at det ikke gis familiejenforening i Norge for ektepar med mindre begge ektefeller har fylt 24 år.»
4. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelsingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om å innføre forsørgelsesevne og disponering av egen egnet bolig for den herboende ektefellen som betingelse for familiejenforening i Norge med utenlandsboende ektefelle.»
5. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelsingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om et generelt forbud mot ekteskap mellom fetter og kusine, med mulighet for dispensasjon for dokumenterte kjærlighetsekteskap.»
6. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelsingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om å øke strafferammen for vold og trusler mot egne familiemedlemmer, med sikte på å påvirke dem til inngåelse av ekteskap.»
7. Forslag fra stortingsrepresentant Ulf Erik Knudsen på vegne av Fremskrittspartiet oversendt fra Odelsingets møte 5. desember 2006 (jf. Innst. O. nr. 18):
«Stortinget ber Regjeringen snarest fremme de nødvendige forslag for å innføre obligatorisk helsekontroll hvert år av piker og unge kvinner som befinner seg i risikogrupperne for kjønnslemlestelse.»

8. Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven (Innst. S. nr. 29 (2006-2007), jf. St.prp. nr. 73 (2005-2006))
9. Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 20. oktober 2005 om å verne og fremme et mangfold av kulturuttrykk (Innst. S. nr. 73 (2006-2007), jf. St.prp. nr. 76 (2005-2006))
10. Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene André Oktay Dahl, Olemic Thommessen, Gunnar Gundersen og Elisabeth Aspaker om nasjonal antidopinglovgiving (Innst. S. nr. 39 (2006-2007), jf. Dokument nr. 8:75 (2005-2006))
11. Referat

Presidenten: Fra Arbeiderpartiets stortingsgruppe foreligger søknad om sykepermisjon for representanten Sonja Mandt-Bartholsen fra og med 13. desember og inn-til videre.

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Søknaden behandles straks og innvilges.
2. Vararepresentanten, Tom Strømstad Olsen, innkalles for å møte i permisjonstiden.
3. Tom Strømstad Olsen innvelges i Lagtinget for den tid han møter for representanten Sonja Mandt-Bartholsen.

Presidenten: Tom Strømstad Olsen er til stede og vil ta sete.

Før sakene på dagens kart tas opp til behandling, vil presidenten foreslå at formiddagsmøtet om nødvendig fortsetter utover den reglementsmessige tid, kl. 16 – og alle kjenner begrunnelsen for det – til dagens kart er ferdigbehandlet.

– Det anses vedtatt.

S a k n r . 1

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om bevilgninger på statsbudsjettet for 2007, kapitler under Barne- og likestillingsdepartementet, Kultur- og kirkedepartementet og Kunnskapsdepartementet (rammeområdene 2 og 3) (Budsjett-innst. S. nr. 2 (2006-2007), jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2006-2007))

Presidenten: Etter ønske fra familie- og kulturkomiteen vil presidenten foreslå at debatten om budsjettinnstillingen deles i to, slik at man først behandler rammeområde 2, Familie og forbruker, og deretter rammeområde 3, Kultur.

Etter ønske fra familie- og kulturkomiteen vil presidenten foreslå at hver av debattene blir begrenset til 1 time og 5 minutter, og at taletiden fordeles slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 20 minutter, Fremskrittspartiet 15 minutter, Høyre 10 minutter, Sosialistisk Venstreparti 5 minutter, Kristelig Folkeparti 5 minutter, Senterpartiet 5 minutter og Venstre 5 minutter.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen – innenfor den fordelte taletid.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [10:03:14] (leiar i komiteen): Først vil eg takke komiteen for eit konstruktivt og godt samarbeid om budsjettet. Det er ei stor glede å kunne leie denne flotte og engasjerte komiteen. Eg reknar med at dei ulike partia vil komme med sine synspunkt i sine hovudinnlegg, og vil derfor nytte tida til å snakke mest om Kristeleg Folkeparti sine innspel på statsbudsjettet.

Regjeringa har brukt adventstida i år til m.a. å stimulere fleire barnehagar til å ha lengre opningstid. Regjeringa har sendt ei klar oppmoding via media til barnehagane om å utvide opningstida for å bøte på tidsklemma. Men kva med det pedagogiske tilbodet og kvaliteten i barnehagen, både for barna og dei tilsette? I tillegg til at barnehagen er eit omsorgstilbod, skal han òg vere eit pedagogisk tilbod. Kvaliteten heng nær saman med pedagogisk bemanning. Barnehagane i dag manglar om lag 10 pst. kvalifiserte førskulelærarar i stillingane som styrar og pedagogisk leiar. For første gong på fleire år viser tilgjengeleg statistikk at det er ein auke i talet på dispensasjonar frå kravet om førskulelærarutdanning for stillingane som styrar og pedagogisk leiar. Den største auken er i Oslo og Akershus.

For Kristeleg Folkeparti er det viktig å ha eit mangfald i barnehagetilbodet, både når det gjeld eigarskap, pedagogisk og verdimesig profil og høve til kortare opphaldstid. Derfor vil vi halde fram med opptrappinga mot likeverdig handsaming av private og kommunale barnehagar. Vi ønskjer å sørge for at kvaliteten i barnehagane ikkje blir gløymd i arbeidet for å nå målet om full barnehagedekning. Derfor vil vi gi ekstra midlar til kompetanseutvikling i barnehagane og fremmar forslag om strakstiltak for å skaffe nok førskulelærarar og ei eiga stortingsmelding om kvalitet i barnehagen.

Vi veit at det er barna som har det vanskelegast når familien er fattig. Gode skular og barnehagar til låg pris er viktige, langsiktige verkemiddel i kampen mot fattigdom for barn som gruppe. Internasjonale samanlikningar viser at den offentlege velferdspolitikken er svært viktig for å avgrense fattigdom. Viss vi skal fange opp dei svakaste barna, må vi ta alle verkemiddel i bruk. Barnehagen er i ein del tilfelle barna sitt einaste trygge haldepunkt i kvardagen. Dersom barn av rusmisbrukarar og psykisk sjuke eller barn frå vanskelegstilte familiar ikkje går i barnehagen grunna dårleg økonomi, er det noko av det viktigaste vi bør prioritere. Derfor øyremerkjer Kristeleg Folkeparti

25 mill. kr til inntektsgradert foreldrebetaling i Kristeleg Folkeparti sitt alternative budsjett.

I Kristeleg Folkeparti sitt alternative budsjett blir pappapermen utvida med ei veke, ved å utvide den totale permisjonstida. Og vi vil gi alle fedrar rett til pappaperm uavhengig av yrkesdeltakinga til mor før fødsel. Samstundes skal det ikkje vere naudsynt å velje bort draumen om å skape ein arbeidsplass for seg sjølv og andre fordi ein ikkje har trygge sosiale ordningar. Kristeleg Folkeparti foreslår derfor å gi alle sjølvstendig næringsdrivande den same retten til foreldrepenar, sjukepenar og omsorgs-pengar som andre foreldre har.

Foreldreskap er eit livslangt prosjekt, og foreldre har stor innverknad på barnas liv og utvikling. Regjeringa kuttar i fjor haust den siste månaden foreldre mottek kontantstønad. I tillegg kuttar dei kontantstønadsbeløpet med 4 248 kr pr. år. Kuttet er ikkje retta opp i budsjettet for i år. Kristeleg Folkeparti vil gi både tida og pengane attende til småbarnsforeldra. I tillegg vil vi auke eingongsstønaden ved fødsel radikalt: frå 33 584 kr til 65 722 kr.

Tilskot til samlivstiltak i regi av frivillige organisasjonar vart foreslått fjerna frå nyttår i Regjeringa sitt budsjettforslag. Eg er svært glad for at regjeringspartia har snudd og no støt Kristeleg Folkeparti sitt forslag om å løyve 6,1 mill. kr til denne ordninga. Mange frivillige organisasjonar, trussamfunn og andre tilbyr populære samlivskurs. I tillegg har m.a. Modum Bad medverka monaleg til kvalitetssikring og utvikling av samlivskurs. Det er positivt at Regjeringa følgjer opp og gjer samlivskurset «Godt samliv!» til alle førstegongsforeldre tilnærma landsdekkjande, eit arbeid som Kristeleg Folkeparti starta opp.

Barnevernet er ein medspelar og ressurs for familien når han ikkje maktar å løyse omsorgsoppgåvene sjølv. Kristeleg Folkeparti foreslår i sitt alternative budsjett å løyve 50 mill. kr meir til barnevernet. I tillegg ønskjer vi å styrkje ettervernet for barnevernsbarn med 10 mill. kr. Norsk Fosterhjemforening er blant dei som har påpeikt at ettervernspraksisen er for dårleg i mange kommunar, og mange føler at det arbeidet ein har gjort før barnet er 18 år, kan bli øydelagt. Derfor er det viktig å styrkje dette.

Til slutt vil eg ta opp dei forslaga i innstillinga som Kristeleg Folkeparti har fremma, eller er medforslagsstilar til, under rammeområde 2.

Presidenten: Representanten May-Helen Molvær Grimstad har tatt opp de forslag som hun refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Tove Karoline Knutsen (A) [10:09:14]: Kristelig Folkeparti er kontantstøttepartiet framfor noe. I sitt alternative budsjett har Kristelig Folkeparti valgt å prioritere nettopp kontantstøtta. Men jeg går ut fra at representanten Molvær Grimstad la merke til en undersøkelse som kom tidligere i år, som viste at fremmedspråklige barnefamilier er svært hyppige brukere av kontantstøtta, ikke usannsynlig fordi denne ordninga blir et økonomisk incitament som mange familier forståelig nok ikke vil si nei til. De fleste vil mene at det er svært viktig at disse barna er

sammen med norskspråklige barn, og at plass i barnehage derfor vil være uhyre viktig for nettopp denne gruppa. I dag gis det tilskudd for å ivareta språkopplering i barnehager. Men har Kristelig Folkeparti gjort seg noen tanker om hvorvidt det går an å gjøre noe med sjølve innretninga på kontantstøtta, slik at de som mest trenger en barnehageplass, faktisk ser seg tjent med å melde det behovet?

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [10:10:07]: Kristeleg Folkeparti er veldig oppteke av at barn skal kunne norsk. Derfor har vi vore med på forslag i Stortinget om at alle dei som ikkje beherskar norsk godt nok når dei er på helsestasjonen på fireårskontroll, burde få eit tilbod, for å vere sikker på at dei skal kunne norsk godt nok.

Når det gjeld kontantstøtta, er den for eitt- og toåringar, og Kristeleg Folkeparti ønskjer ikkje å ekskludere nokon frå å kunne nytte seg av kontantstøtteordninga. Ein veit at den ofte betyr mest for den som har minst. Dersom det er innvandrarfamiliar som ønskjer å nytte seg av kontantstøtta, er det viktig at dei får valfridomen på lik linje med alle andre. Her går det an å ha to tankar i hovudet på ein gong: at vi legg til rette for valfridom, samtidig som vi er opptekne av integrering og norskkunnskapar.

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:11:12]: Kristelig Folkeparti har tidligere stått sammen med Fremskrittspartiet om å trekke frem det heterofile ekteskapet som den tryggeste og mest stabile rammen for familieliv. Vi har i de senere år sett at Kristelig Folkeparti går inn på flere og flere av de særtiltak som er i budsjettet for homofile og lesbiske, og går inn for store bevilgninger på området. Samtidig skal vi senere i dag behandle en sak om tidlig stebarnsadsopsjon, som i realiteten omhandler homofiles rett til å adoptere.

Mitt spørsmål til representanten er om Kristelig Folkeparti nå har slått seg sammen med Arbeiderpartiet og SV og åpner for fulle rettigheter for homofile, i likhet med det som man tradisjonelt har gått inn for for de heterofile.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [10:12:06]: Kristeleg Folkeparti er oppteke av at mange av dei som er homofile og lesbiske i Noreg, har opplevd ein vanskeleg og krevjande situasjon – ikkje alle har det. Vi er oppteke av menneskeverd og å vise respekt for alle. Vi ser i ein del levekårsundersøkingar at denne gruppa har hatt utfordringar. Derfor er vi oppteke av informasjon, kunnskap og orientering. Men Kristeleg Folkeparti har framheva ekteskapet som samlivsform, og har ikkje tenkt å gå inn på t.d. fulle adopsjonsrettar, som representanten Knudsen her stiller spørsmål om.

Når det gjeld den saka som vi skal behandle seinare i dag, omhandlar ikkje den stebarnsadsopsjon. Den handlar om at barn som veks opp med vaksne som har inngått partnerskap, skal få same rett til å tilbringe tid saman med dei. Kristeleg Folkeparti er oppteke av at vi utan omsyn til korleis vaksne innrettar liva sine, skal ta vare på barna og gi dei ein best mogleg oppvekst. Derfor er det viktig at alle får god tid saman med dei dei veks opp med.

May Hansen (SV) [10:13:36]: Representanten fra Kristelig Folkeparti var inne på språktesting av fireåringar som et svar på den undersøkelsen som nå har kommet, som er meget alvorlig, og som viser at barn med minoritetsbakgrunn og innvandrerbakgrunn i mindre grad bruker barnehage på grunn av kontantstøtta, fordi disse familiene verken har råd til å si nei takk til kontantstøtte eller å betale barnehageplass. Jeg syns det er veldig defensivt av representanten å si at vi skal språkteste fireåringar. Det viktigste grunnlaget for språk blir lagt før man er fire år. Regjeringa ble kritisert for å være defensiv i disse spørsmålene. Men vi mener at det faktisk er barnehagen som er det beste tiltaket for språkutvikling. Det viser all forskning og korttidsforsøket med gratis kjernetid. Jeg lurer konkret på hva Kristelig Folkeparti vil gjøre med denne problematikken.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [10:14:41]: Eg er heilt einig med representanten i at barnehagen er eit svært godt tilbod når det gjeld språkutvikling. Derfor var Kristeleg Folkeparti i regjering også med på prosjekt med gratis kjernetid i nokre bydelar i Oslo der minoritetar utgjorde ein stor del. Kristeleg Folkeparti er oppteke av at prisen på ein barnehageplass ikkje skal hindre folk med veldig låg inntekt i å bruke barnehagen, og derfor har vi lagt inn 25 mill. kr i vårt alternative budsjett for å kunne gi ekstra tilskott til dei som har lågast inntekt. Eg ser at der ein kan tilby gratis barnehage, vil mange nytte seg av det, og det trur eg at vi kan utvikle endå betre overfor dei som har språkleg behov for det. Men ein kan då ikkje avskjere den gruppa som har minoritetsbakgrunn, frå å få lov til å vere heime? Eg reknar med at representanten Hansen ikkje vil leggje ned noko forbod mot at foreldra skal få lov til å vere heime med barna dei første to åra dersom det er det dei ønskjer. Men her trur eg at vi kan greie å ta omsyn til begge delar.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Espen Johnsen (A) [10:16:09]: Det er mange som har god grunn til å føle seg som vinnarar etter årets budsjettbehandling. Nokre av dei som verkeleg er det, er barn og småbarnsforeldre.

For første gong er vi no i posisjon til å greie å innfri målet om at alle som ønskjer det, skal få plass i barnehage. Vi satsar 3,2 milliardar kr ekstra neste år, over 18 milliardar kr totalt over budsjettet. Det er ei historisk satsing på barn, småbarnsforeldre og på likestilling i dette landet. Gode barnehageplassar til alle, med låg pris, men med høg kvalitet, er nettopp alt dette.

Barnehagane er eit fantastisk verkemiddel for å gi alle barn like moglegheiter. For barn med minoritetspråkleg bakgrunn er det ein ypparleg plass å lære seg det norske språket, det er ein viktig plass for å hjelpe dei som av ulike grunnar treng hjelp, og dei familiene som kanskje treng hjelp frå barnevernet, kan bli sett og få hjelp tidleg. Barnehagen er ein lærings- og opplevingsarena for barn. Det må vi sørge for at den skal vere for alle – uavhengig av foreldra sin økonomi, uavhengig av sosial eller kulturell

bakgrunn. Dette budsjettet er eit godt og langt steg på vegen for at dei barna som i dag står i kø, no skal få begynne i barnehagen.

Andre frå Arbeidarpartiet vil ta likestillingsspørsmåla og andre tema grundigare for seg. Lat meg difor her berre få kome inn på det fokuset som Regjeringa og statsråden har i forhold til menn og likestilling.

Budsjettet viser ein ny giv for likestillingsarbeidet, og det viser at statsråden er veldig klar over og bevisst på at arbeidet for eit meir likestilt samfunn er avhengig av at menn både bidreg meir og får lov til å bidra meir. Difor er det veldig bra at Regjeringa vil gje dette temaet ekstra merksemd, og det er bra at budsjettet legg til rette for det. 20 mill. kr meir til likestillingsarbeid neste år er ein kraftig vekst samanlikna med det vi har sett mange tidlegare år.

Utfordringane i barnevernet er store og mange. Det er stadig fleire barn som treng og får hjelp frå barnevernet. Det kan vere både positivt og negativt. Dersom det er slik at det er stadig fleire barn som lid, er det sjølv sagt negativt og yttarst alvorleg, men om det er slik at det no er fleire av dei barna som tidlegare ikkje vart oppdaga og sett, som no får hjelp, er det viktig og bra.

100 mill. kr ekstra til det statlege barnevernet er ei viktig og riktig satsing, og i tillegg kjem altså kompetansehevingstiltak i det kommunale barnevernet med 12 mill. kr meir for neste år.

Vi er opptekne av meir kunnskap, meir forskning. Det gir betre innsikt og moglegheit for å treffe det rette valet.

Over fleire år har vi sett at barnevernet har hatt ein vanskeleg økonomi. Det er trygt å vite at Regjeringa tek grep og styring. Ein skikkeleg gjennomgang av alle sider ved barnevernet er viktig, slik at vi heile tida veit at vi brukar pengane på ein best mogleg måte, for å hjelpe dei barna som har behov for hjelp.

Arbeidarpartiet er opptekte av at det statlege barnevernet skal utnytte kapasiteten i eigne institusjonar så godt som mogleg, samtidig som vi veit at stiftingar og ideelle organisasjonar også gjer ein viktig jobb i barnevernet. Men vi vil til livs dei store kommersielle aktørane, dei som hentar ut store utbytte av å drive barnevernsinstitusjonar. Det er Regjeringa og regjeringspartia si haldning at barnevernet ikkje er noko vi skal drive business med. Det er ikkje fordi det er eit glimrande forretningskonsept, at vi har eit barnevern.

Difor er altså vårt svar på utfordringane i barnevernet ei økonomisk styrking på over 100 mill. kr og ein grundig gjennomgang, slik at vi får god kontroll og styring med både økonomien og med tilboda som blir gitt. Eg registrerer at Framstegspartiet sitt svar på desse utfordringane er dramatiske kutt.

I forlenginga av dette gjer vi også eit anna viktig grep, nemleg at vi overfører omsorgsansvaret for dei einslege mindreårige asylsøklarane til barnevernet. Vi startar neste år med dei som er under 15 år. Dette er også ei konkret oppfølging av Soria Moria-erklæringa og viktig for ei utsett gruppe, som einslege mindreårige asylsøklarar ofte er. Det kostar oss 25 mill. kr. Men omsynet til desse barna

tilseier at dei økonomiske bekymringane ikkje bør vere det som valdar oss størst hovudbry.

Neste års budsjett gir større merksemd og tek i bruk fleire verkemiddel overfor dei barna som treng hjelp. Det gir ein ny giv i likestillingsarbeidet. Vi er i ferd med å nå eit over 30 år gammalt mål om at alle som ønskjer det, skal få ein plass i barnehagen. Alt saman er gode eksempel på at vi er på rett veg, og at løfta blir innfridde. Men aller viktigast er det at dette er viktige satsingar for dei barna, for dei vaksne, for alle dei i vårt land som dette angår. Dei får hjelp, støtte og moglegheit til å leve gode liv og til å utvikle seg, anten dei er unge eller gamle, gjennom den kraftige betringa og kraftige satsinga for barnehagane og på barne- og likestillingsområdet som dette budsjettet inneber.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:21:28]: Representanten fra Arbeiderpartiet pratet mye om barnefamiliene som vinnere i det budsjettet som behandles i dag. Det er en sannhet med modifikasjoner. Barnetrygd er en treffsikker ordning overfor barnefamiliene. Mange barnefamilier velger å la barnetrygden gå direkte til barnet og det barnet trenger. Likevel, i de årene jeg har sittet i familiekomiteen, synes jeg Arbeiderpartiet har hatt et veldig defensivt forhold til barnetrygden. Man har ikke gått inn for pris- og kostnadsjustering av barnetrygden, hvilket vil si at man reelt sett har ønsket at den skal gå ned. Vi er kjent med at Arbeiderpartiet har som mål å kutte og fjerne kontantstøtten. Er det slik at man også har som et langsiktig mål å fjerne barnetrygden?

Espen Johnsen (A) [10:22:26]: Svaret på spørsmålet er nei. Vi har ikkje eit langsiktig mål om å fjerne barnetrygda. Barnetrygda i dag utgjer 11 640 kr pr. barn. Det vidarefører vi for neste år. Det er òg riktig at barnetrygda ikkje har vore prisjustert på ti år. Den summen som gjeld for i år, vidarefører vi altså òg for neste år.

Så er det eit forhold som ein berre må ta inn over seg, og det er at Bondevik-regjeringa fjerna småbarnstillegget i barnetrygda i den perioden dei sat. Vi tilpassa kontantstøtta til barnetrygda i det budsjettet som gjeld for i år. Så gjer vi ei viktig endring i barnetrygda for neste år, og det er at vi innfører eit Svalbard-tillegg, slik at dei familiane som bur på Svalbard og som har rett til barnetrygd, får eit tillegg tilsvarande finnmarkstillegget.

Så barnetrygda blir vidareført, og vi har altså ei ekstra satsing i forhold til familiar på Svalbard.

Olemic Thommessen (H) [10:23:37]: Vi kjenner jo til Arbeiderpartiet og SVs langvarige kamp mot kontantstøtten. Ved nesten enhver anledning angripes kontantstøtten av disse partiers representanter, og det manglet ikke på høy profil i dette spørsmålet i valgkampen. Senest i replikkordskiftet tidligere i dag var jo også representanten Tove Karoline Knutsen her med en kritisk vinkling på kontantstøtten.

I Soria Moria-erklæringen heter det at kontantstøtten skal legges om når full barnehagedekning er oppnådd. Vi skulle gjerne vite hva det egentlig betyr. Hva betyr omlegging? Vi regner med at det betyr en dramatisk nedtrapping. Betyr det at kontantstøtten skal fjernes, eller betyr det at man vil videreføre kontantstøtten også når full barnehagedekning er et faktum, forhåpentligvis om ikke altfor lenge?

Espen Johnsen (A) [10:24:39]: Eg trur det er vel kjent for alle i denne salen og forhåpentlegvis for alle utafør denne salen at Arbeidarpartiet er imot kontantstøtta. Det har partiet vore heile tida. Vi meiner det er ei ordning som ikkje er spesielt treffsikker og ikkje eit spesielt godt verkemiddel i forhold til dei familiepolitiske, likestillingspolitiske og barnepolitiske måla vi har. Det har vi sagt og meint heile tida, og det står vi framleis for.

I budsjettet for neste år gjer vi inga endring i forhold til budsjettet for i år. Det er rett som representanten seier, at Soria Moria-erklæringa seier at vi skal behalde ei avgrensa kontantstøtteordning for 1- og 2-åringar, og at omlegging tidlegast skal skje når vi har full barnehagedekning – tidlegast frå 2008. Kva slags type omlegging det blir, må ein då få svar på når vi har kome dit at vi har oppnådd full barnehagedekning. Det håpar vi skjer fort, men inntil vidare beheld vi den ordninga som er i dag for 1- og 2-åringar.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:26:18]: Fremskrittspartiet er av den oppfatning at familien er en av de viktigste pilarene i dagens samfunn. Det er Fremskrittspartiets oppfatning at dersom det føres en aktiv og riktig familiepolitikk, vil dette gi betydelige samfunnsgevinster både på kort og på lang sikt.

Fremskrittspartiets familiepolitikk har følgende hovedelementer: Vi står for

- valgfrihet når det gjelder omsorg – derfor går vi inn for en satsing på kontantstøtte, barnetrygd og barnehager
- en rettferdig ordning for samvær og bidrag som tar hensyn til begge foreldre, og ikke minst til barnet
- reell likestilling uten kvotering eller særfordeler som følge av kjønn, hudfarge eller seksuell legning
- et styrket forbrukervern

Etter Fremskrittspartiets oppfatning er det svært viktig å gi familien en betydelig mulighet for valgfrihet og råderett over egen familiesituasjon. Fremskrittspartiet vil på det sterkeste advare mot dem som forsøker å svekke foreldrenes rolle i forhold til barnet. Vi husker SVs uttalelser om at alle barn skal i barnehage.

Det offentlige kan aldri fullt ut erstatte foreldrene når det gjelder å skape trygge rammer og tilhørighet for et barn. Fremskrittspartiet mener at barnehager og foreldrekurs er verktøy som foreldrene skal bruke i sitt daglige arbeid med omsorg og oppdragelse og ikke minst i det å lære barnet respekt for andre og andres eiendom.

Vi ser altfor mange barn som vokser opp og som ikke har fått med seg elementære basiskunnskaper om rett og galt, hva som er mitt og ditt.

Stadig flere par opplever samlivsbrudd. Dette er en utvikling som ikke bare rammer Norge, men store deler av den vestlige verden. Vi mener det er naivt å tro at offentlige samlivskurs kan snu denne tendensen. Men når det først går galt med et samliv, må vi legge til rette for en rettferdig fordeling av samvær og økonomisk byrde. Hovedregelen må være at barnet skal ha kontakt med begge sine foreldre.

Etter over fem år i Stortingets familiekomite har jeg sett mange grelle eksempler på at barn brukes som våpen i en konflikt mellom foreldre. Dette er trist, men også i en del tilfeller et resultat av det systemet vi har. Her er det store utfordringer å ta fatt på for vår sittende familieminister.

Som jeg sa innledningsvis, ønsker Fremskrittspartiet å gi foreldrene valgfrihet gjennom kontantstøtte og gjennom å pris- og kostnadsjustere barnetrygden. I denne sammenheng vil Fremskrittspartiet vise til at kontantstøtten har vist at den har vært svært vellykket og gitt positive resultater for de familiene som har gjort seg nytte av ordningen. Fremskrittspartiet vil ta avstand fra den tendensen Regjeringen ser ut til å legge seg på, ved at man ønsker å redusere utbetalingene av kontantstøtte. Dette rammer foreldre som ønsker en mulighet til å være sammen med barna sine i den første perioden av barnas liv, som er så viktig.

Når man ikke satser på barnetrygd og kontantstøtte, frarøver også Regjeringen foreldre med liten inntekt en mulighet til valgfrihet. I realiteten betyr dette at Regjeringen prioriterer foreldre med middels eller høy inntekt, altså at reell valgfrihet kun er for de rike.

Valgfrihet er viktig for Fremskrittspartiet. Det innebærer satsing på kontantstøtte og barnetrygd, men det innebærer også at alle som ønsker det, skal få tilbud om barnehageplass.

Vi står fast på det kompromiss som Stortinget vedtok, som skulle gi likebehandling av offentlige og private barnehager, økt utbygging og lavere foreldrebetaling. Av og til føler vi at vi står litt alene på dette feltet. Regjeringen holder verken løftene om å følge opp maksprisen eller om å innføre reell likebehandling av de offentlige og de private, og mange steder er det stor usikkerhet og betydelig underskudd i barnehagene. Med reell likebehandling vil alle barnehager ha motivasjon til å begrense sine kostnader, samtidig som det fokuseres på tilbudets kvalitet.

Vårt ønske om valgfrihet omfatter også fødselspermisjon. Vi mener at det bør være opp til det enkelte par hvordan de vil fordele fødselspermisjonen mellom seg. Alternativt mener Fremskrittspartiet at begge foreldre bør ha en like stor reservert kvote av permisjonen.

Fremskrittspartiet erkjenner at for enkelte barn kan situasjonen være så vanskelig at det blir nødvendig å fjerne dem fra hjemmet. Vi erkjenner også at det derfor er nødvendig med et barnevern. Min kollega representanten Karin S. Woldseth vil gå grundigere inn på vår politikk med hensyn til barnevernet i sitt innlegg.

For oss i Fremskrittspartiet står forbrukerhensyn sentralt. Forbrukerne skal ha muligheten til å kunne nå frem med sine klager. Vern om forbrukernes rettigheter er en

helt nødvendig del av et velfungerende marked. Forbrukermyndighetene har i en årrekke gjort en solid jobb, men blir stadig pålagt vanskeligere oppgaver, bl.a. som følge av utviklingen av handel over nettet og handel over landegrensene.

Fremskrittspartiet mener derfor at det bør vurderes en styrking av dette området. Vi mener imidlertid at man også innenfor dette området må søke å utnytte ressursene mest mulig effektivt. En samordning eller sammenslåing av alle de forbrukerpolitiske arbeidsområdene bør etter vårt syn vurderes.

Fremskrittspartiet mener at dagens likestillingspolitikk er fundamentalt feil og i en del tilfeller vil hindre reell likestilling. Prinsipielt mener Fremskrittspartiet at det er en selvfølge at man får lik lønn for likt arbeid. Likevel vil Fremskrittspartiet ta avstand fra at man skal tildeles stillinger etter kjønn. Det burde være en selvfølge at stillinger tildeles etter kompetanse.

Fremskrittspartiet gav sin subsidiære støtte til omorganiseringen av den statlige virksomheten innenfor likestilling og arbeid mot diskriminering. Vi gjorde dette ikke primært for å styrke arbeidet, men for å effektivisere virksomheten administrativt og på sikt få den redusert eller avvirket.

Det er altså vårt syn av bevilgningene til dette formål skal avvikles. Vi finner det ikke rimelig at noen skal ha krav på spesielle tiltak og særlig beskyttelse av lov og/eller ombud kun basert på kjønn, rase eller seksuelle preferanser.

Fremskrittspartiet tar altså avstand fra at det offentlige skal bruke store ressurser på å ivareta friske, voksne, intelligente og i mange tilfeller velutdannede menneskers rettigheter. Vi har full tiltro til menneskenes egen evne til å klare dette, tiltro til at kvinner og menn kjenner sine behov og rettigheter, og tiltro til at de selv kan ivareta disse gjennom det generelle lovverket som gjelder for alle i dette landet. All annen tankegang mener vi er en krenkelse av det enkelte individs integritet og evne til å ta egne beslutninger.

Fremskrittspartiet vil dog påpeke at selv om man utvikler likestillingsforskning, kompetansesenter for likestilling, likestillingsombudet, Senter mot etnisk diskriminering – SMED – osv., vil enkeltindividets rettigheter fortsatt opprettholdes av regelverket i likestillingsloven, i arbeidsmiljøloven og i avtaler inngått mellom arbeidstaker- og arbeidsgiverorganisasjonene. I tillegg til dette er det en rekke frivillige organisasjoner, ideologiske organisasjoner og politiske partier som har likestilling som sitt sentrale varemerke og arbeider på dette området.

At det er betydelige krefter i det norske samfunn som ønsker å videreføre gårsdagens likestillingspolitikk, bekreftes ikke minst ved at det er mange som fortsatt har en ufravikelig tro på kjønnskvotering. Fremskrittspartiet mener at et individ som har fått et arbeid eller en posisjon på grunn av sitt kjønn og ikke på grunn av sine kvalifikasjoner, nedvurderes av både samfunnet og seg selv.

Med det vil jeg ta opp Fremskrittspartiets forslag og de forslag som vi står sammen med andre om, under rammeområde 2.

Jeg vil samtidig gjøre oppmerksom på at forslagene nr. 15, 16, 17 og 18 skal stikkordet «*kan overføres*» rettes til «*overslagsbevilgning*» under kap. 315 post 70. Disse forslagene skulle også vært omtalt på side 83 i innstillingen.

Så vidt jeg vet, skal også Stortingets sekretær være kjent med denne problematikken.

Presidenten: Representanten Ulf Erik Knudsen har tatt opp de forslag han viste til.

Det blir replikkordskifte.

Britt Hildeng (A) [10:36:05]: En tror det ikke før en hører det. Fremskrittspartiet finner det ikke rimelig at noen skal ha krav på spesielle tiltak eller særlig beskyttelse av lov eller ombud basert på kjønn, rase eller seksuelle preferanser. Fremskrittspartiet tar avstand fra at det offentlige skal bruke ressurser på å ivareta friske, voksne, intelligente menneskers rettigheter.

Betyr dette at Fremskrittspartiet benekter at det i Norge foregår diskriminering overfor kvinner, homofile og mørkhudede innvandrere? Benekter Fremskrittspartiet at mange utestenges fra arbeidslivet, har lavere lønn og er underrepresentert i politikk og ledende stillinger? Og er det slik at Fremskrittspartiet overhodet ikke vil gjøre noe med disse forholdene?

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:37:10]: Siden jeg er gift med en sykepleier, vet jeg mye om at det er store lønnsforskjeller mellom manns- og kvinneyrker. Dette har langt mer med den lønnspolitikk som storting og særlig regjering fører. Hildeng representerer jo et regjeringsparti, som faktisk kan gjøre noe med den lønnspolitikk som føres overfor f.eks. kvinneyrker i Norge. Jeg kommer selv fra et kvinneyrke, nemlig offentlig saksbehandler i stat, som også har slitt med lave lønninger. Så jeg er fullstendig kjent med det. Jeg har ingen tro på at vi gjennom lover og kvoteringer kan rette opp dette. Dette handler om rettferdighet i lønnspolitikken, og at de som sitter og styrer i kommunene, i Regjeringen og i fylkene, faktisk tør og evner å gjøre noe med det lønnsgapet som er mellom kvinner og menn.

May Hansen (SV) [10:38:28]: Hele komiteen, også Fremskrittspartiet, er bekymret for utviklingen i barnevernet. Flere og flere barn trenger tiltak. Likevel kutter Fremskrittspartiet 480 mill. kr i barnevernet. Man kutter 150 mill. kr i private institusjonsplasser, som Fremskrittspartiet lovpriser i innstillingen, og begrunner dette med at man skal gå inn med tiltak tidlig, slik at man ikke trenger institusjonsplass. Det er for så vidt alle enig i, men det er kommunene som driver med det forebyggende barnevernet. Det har dette stortinget ingen mulighet til å påvirke, så disse barna er der neste år.

Videre kutter Fremskrittspartiet i bevilgningen til mindreårige asylsøkere og mindreårige flyktninger som har fått opphold i Norge, fordi deres politikk vil føre til at færre av disse kommer til Norge. Men Fremskrittspartiet har ikke ført noen innvandringspolitikk i dette stortinget og dette landet, så disse barna er der.

Hva vil Fremskrittspartiet gjøre med de barna som trenger tiltak i barnevernet?

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:39:33]: For å ta det siste først er det slik at hvis Fremskrittspartiets alternative statsbudsjett hadde blitt vedtatt, måtte det ses i en sammenheng. Det ville sendt et betydelig signal til dem som ønsker å komme til Norge gjennom innvandring, og innvandringen ville gått kraftig ned. Det vet vi i og med at Fremskrittspartiet har en politikk som ligner svært mye på den som føres i Danmark, hvor det har vært en betydelig reduksjon i innvandringen. Derfor er det også rimelig at de enkelte poster tar høyde for det.

Når det gjelder de kutt som Fremskrittspartiet har foreslått i barnevernet, mener vi at det er et betydelig effektiviseringspotensial i den administrative biten på dette området. Men, som jeg også sa i mitt innlegg, i et senere innlegg i dag vil Karin S. Woldseth utdype vår politikk på dette området.

May-Helen Molvær Grimstad (KrF) [10:40:40]: Framstegspartiet vil både fjerne likestillings- og diskrimineringsombudet og avvikle rubbel og bit av budsjettpenge til likestillingsformål. Trur verkeleg Framstegspartiet at likestillinga har kome dit ho er i dag, av seg sjølv, utan ein offensiv og konkret politikk på området? Ein ser at likestillingskampen ikkje er vunnen ein gong for alle. Det er noko ein må jobbe kontinuerleg med.

Når det gjeld familien, ønsker ikkje Framstegspartiet å svekke familiens rolle. Det er jo flott. Når representanten i sitt innlegg seier at det er naivt å tru at samlivskurs har nokon effekt på skilsmissestatistikken, treng ikkje Framstegspartiet å tru, men dei kan jo lytte til alle dei signala som har kome frå par som har opplevd det som positivt å gå på samlivskurs, som eit godt tiltak for å forebygge samlivsbrot. Det er heilt utruleg at Framstegspartiet ikkje vil vere med på det lyftet.

Ulf Erik Knudsen (FrP) [10:41:57]: Jeg tviler ikke på at det er mange som føler at et samlivskurs er flott, hyggelig og oppbyggende for forholdet. Samtidig tror jeg at de som melder seg på et samlivskurs, er par som har en god kommunikasjon og er oppmerksomme på de utfordringer som er i det å ha et liv sammen, og det er ikke de parene som er mest truet og i faresonen når det gjelder skilsmisse.

Når det gjelder likestilling, er det umulig å svare på det på de resterende sekundene. Jeg vil bare bemerke at det er gjort mye bra på likestillingsområdet på 1970- og 1980-tallet. Problemet er at det er den samme politikken som fortsatt føres, selv om vi nå er i en situasjon hvor kvinner er de dominerende på bl.a. universiteter og høyskoler.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Olemic Thommessen (H) [10:43:30]: Familiepolitikken er et krevende felt. Når vi skal forme en politikk som berører så nære forhold som familieforhold, skal vi

møte den oppgaven med atskillig ydmykhet. Her er det ingen sannheter og ingen endelige løsninger.

Familien, våre nærmeste, denne litt underlige krets av mennesker som enten er bundet sammen gjennom blodets bånd eller har funnet hverandre på mer eller mindre tilfeldig vis og stiftet familie gjennom samboerskap, partnerskap eller ekteskap, er de vi kjenner aller best, men likevel lar oss overraske av. Det er de vi aller mest trenger støtte fra, men som det likevel er aller vanskeligst å snakke om problemene med. Det er de vi kan føle oss verst overkjørt av, men som vi likevel lojalt stiller opp for. Det er disse vi ønsker å dele vårt innerste med, vår kjærlighet og våre følelser – et krevende, men også vakker landskap.

For Høyre er familien den viktigste rammen om barnas oppvekst. Det er der de best kan oppleve den tilhørighet, nærhet og omsorg som gir den nødvendige plattformen videre i livet. Foreldre skal ha hovedansvaret for barnas oppdragelse og gi dem det de trenger videre.

Som familien er barnas viktigste punkt for tilhørighet, blir også familien den viktigste ramme for slektens videreføring, der familiemedlemmer i alle aldre har en rolle å spille. Høyre vil investere i familien som grunnleggende institusjon. Utgangspunktet for Høyres generelle politikk ligger også der, i å sikre familiene gjennom en sunn økonomi, et lavt rentenivå og høy sysselsetting. Med det som utgangspunkt skal vår familiepolitikk handle om å gi familiene tid, rom, økonomi og valgfrihet til selv å forme sine liv og videreutvikle familiebandene, hjelpe de familiene som ikke fungerer, og ikke minst hjelpe den enkelte der det trengs.

I dette budsjettet ønsker vi å styrke familienes valgfrihet på flere måter. En gjennomgående bekymring i denne sammenhengen er Regjeringens tilbakevendende uttrykte skepsis til private løsninger og leverandører, det være seg i barnehagesammenheng, i barnevern eller på andre områder. Vi hørte det senest nå i representanten Johnsens innlegg tidligere i dag.

Valgfrihet forutsetter et mangfold bestående av både offentlige og private løsninger. Å tilrettelegge for private alternativer initiert av privatpersoner, bedrifter eller frivillige organisasjoner gir utvikling og nytenkning innenfor fagfeltene. Det må gis rom for ulike tilnærminger til de oppgaver som skal løses. Man skal ikke undervurdere de krefter og det initiativ som ligger hos enkeltmennesker og institusjoner som drives i privat regi.

Høyre mener full barnehagedekning er viktig. Valgfrihet for familiene handler om at barnehage skal være tilgjengelig for alle som ønsker det. En kraftig vekst i utbyggingen av private barnehager er en forutsetning for å oppnå målet om full barnehagedekning. Det er påkrevd med økt likebehandling mellom offentlige og private aktører. Høyre foreslår derfor en dekningsgrad på 90 pst., mot dagens 85 pst., samt en økning av skjønnsmidlene. Høyre mener det er viktig å respektere at noen ikke ønsker barnehage for de aller minste. Derfor foreslås en økning av kontantstøtten på 5 pst. Det er også i denne sammenheng verdt å peke på behovet for forskning på omsorgsformer i tidlig barndom, noe vi ønsker å styrke.

Med den sterke utbygging av barnehager som vi nå ser, er Høyre opptatt av kvaliteten. Vi har store utfordringer i forhold til det å skaffe kvalifiserte mennesker. Høyre ønsker en strategi. Vi vil gjerne se hvordan man skal få til den sterke rekrutteringen som nå må skje. Vi ønsker også en styrket forskning og en kompetanseheving hos dem som jobber i barnehagene, ikke minst gjelder dette i forhold til språkopplæring, omsorg og opplæring av funksjonshemmede.

Barneraten ser ut til å synke også i Norge. Svikt i befolkningstilveksten kan gi betydelige problemer når en voksende andel eldre utløser store omsorgsbehov og pensjonsforpliktelser. Høyre mener derfor det er viktig å stimulere til store familier. Vi ønsker, som et ledd i en gradvis opptrapping, å bygge opp barnetrygden, og foreslår derfor en økning på 1 000 kr i året til familier med fire barn eller flere – kanskje ikke så mye, men det er et signal om å styrke denne gruppen på sikt.

For Høyre er også saken om like rettigheter ved svangerskap og fødsel for selvstendig næringsdrivende kvinner svært viktig. Og vi har, som mange vil vite, også fremmet et eget Dokument nr. 8-forslag om det. Dette har vi med i vårt budsjett. Dette er en viktig sak i et likestillingsperspektiv, men det er også en viktig sak i forhold til familiens valgfrihet og faktiske muligheter til å innrette seg. Ikke minst i distriktene er kvinners muligheter til selsetting nettopp knyttet opp til egen virksomhet. Likestillingsperspektivet ligger også til grunn når Høyre foreslår å utvide fedrekvoten med én uke.

Familien er som sagt en vanskelig arena. Det er når frustrasjoner, rusmiddelmissbruk og sosiale og psykiske problemer blir blandet med de følelser og bånd som kjenner seg slektskap, at vi får de styggeste utslag av fysisk vold og psykisk terror. Høyre støtter økningene som ligger inne på dette området, bl.a. de ekstra bevilgningene vi i Stortinget har fått til til samlivskurs. Vi gir også vårt bifall til statsråden, og jeg vil benytte anledningen til å gi henne et kompliment for å vise et oppriktig engasjement på disse områdene. Høyre legger også inn budsjettmessige signaler i form av forslag om ytterligere styrking av forskning på området og av incestsentre og krisesentre.

Barn er enkeltmennesker med krav på å bli sett – ikke bare i en familiesammenheng, men også ut fra sine helt selvstendige behov. Høyre legger stor vekt på at alle barn gjennom et godt språk og senere lese- og skriveferdigheter skal være godt rustet senere i livet. Vi har gjennom et eget Dokument nr. 8-forslag tatt dette opp, og vi gjentar det her også. Språkkartlegging i ung alder, med derav følgende ulike tiltak for dem som trenger det, må være en prioritert oppgave. Høyre savner en strategi fra Regjeringen på dette området.

Høyre er også opptatt av barn og unges særlige utfordringer i de større bysamfunnene. Det er viktig at det tilrettelegges for muligheter til deltakelse i fritidsaktiviteter, slik at bysentrene ikke blir tilholdssted for rotløs ungdom. Vi foreslår derfor å styrke bevilgningen også til disse formålene.

Høyre er opptatt av å bekjempe diskriminering av enhver art. Vi har tidligere i denne sal tatt opp spørsmålet om behovet for generelle bestemmelser når det gjelder

diskrimineringslovgivningen, og vi forstår at Regjeringen arbeider med å fremme forslag om det. Vi ser frem til at det skal skje. Vi synes det fortløpende er behov for å etterlyse denne saken. Vi får ofte henvendelser om dette, og vi ser ofte beskrevet eksempler om dette i dagspressen. Jeg tror at et generelt fundament i spørsmålet om diskriminering vil styrke de debatter som følges av dette.

Høyre er også opptatt av forbrukernes rettigheter. I denne sammenhengen vil vi uttrykke bekymring over noe som vi oppfatter som en litt manglende forståelse fra Regjeringen når det gjelder hvordan konkurranse skal fungere. Vi synes det er behov for å se en sterkere sammenheng mellom konkurranselovgivningen og konkurransefeltet og det mer generelle forbrukerarbeidet som ligger i statsrådens departement. Det er en svakhet at dette ses i to forskjellige sammenhenger. Vi håper Regjeringen vil ta tak i å styrke båndene mellom departementene når det gjelder dette, men også at man i de løpende sakene sørger for at dette henger bedre sammen.

I debatten som har vært hittil i dag, er det en problemstilling som har kommet opp. I sin kamp mot kontantstøtten opplever jeg at regjeringspartiene stadig kommer tilbake til spørsmålet om innvandrernes bruk av kontantstøtte i forhold til barns behov for å gå i barnehage. Jeg synes man skal tenke seg litt om. Hva er det egentlig man sier om innvandrer-mennesker? Hvilket menneskesyn er det man faktisk viser, når man til stadighet pukker på at innvandrere ikke er i stand til å ta stilling til hva som er best for egne barn? Det ligger et perspektiv av menneskesyn i dette som jeg ikke umiddelbart vil tillegge posisjonspartiene, men som jeg synes man skal tenke igjennom, fordi det faktisk handler om respekt overfor enkeltmennesker, også dem med annen hudfarge enn vår.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Espen Johnsen (A) [10:53:47]: Vi hørte i innlegget fra representanten Thommessen om ulike tiltak som Høyre ønsker å støtte. Men ut fra Høyre sine forslag og ønske skulle altså dette budsjettet helst ha vore kuttet med 336 mill. kr. Det må ein vel forstå slik at ut frå Høyre sitt syn er 336 mill. kr for mykje pengar innanfor denne budsjetttramma. Så ser vi av innstillinga at Høyre ønskjer å auke foreldrebetalinga i barnehagane med fleire hundrelappar kvar månad, slik at driftstilskotet kan kuttast med 700 mill. kr. Vi ser at partiet òg har stor omtanke for kontantstøtta, som skal aukast med nesten 100 mill. kr. Så då er det klart at Høyre vil kutte i barnehagesatsinga. Men det hadde vore interessant å vite kva andre tiltak og verkemiddel Høyre meiner ein er tvungen til å bruke for mykje pengar på i denne innstillinga, og som dei ideelt sett meiner burde vore kuttet ned – om det er likestillingsarbeid, om det er homopolitikken, om det er barnevernet, eller om det er andre satsingar som nå blir styrkte, men som Høyre meiner burde vore kuttet med 336 mill. kr, slik dei har foreslått.

Olemic Thommessen (H) [10:54:47]: Representanten Johnsen vil ha merket seg at Høyre ved flere anledninger

ger har brukt maksprisen for barnehageplass som utgangspunkt for å hente inn penger i andre sammenhenger. Man vil se av de budsjettforslagene vi har, at de faktisk er meget vel anvendt også, i det store bildet.

Når vi mener dette er forsvarlig, er det jo for det første fordi vi ikke øker barnehageprisen dramatisk på noen måte. Vi ligger også betydelig lavere enn det som var snittet den gangen makspris ble innført.

Erling Sande (Sp) [10:56:00]: Barn og unge sine oppvekstvilkår er viktige. I tillegg til det representanten Thommessen nemner om familien, veit vi at eit godt skuletilbod og eit godt fritidstilbod kan vere med og gje ein meningsfull kvardag og ein rikare oppvekst for barn og unge. Gjennom tida i Bondevik II-regjeringa var representanten Thommessen og Høyre med på å stryke kommunane økonomisk, og det førte faktisk til kutt i skular, og svært mange ungdomsklubbar vart lagde ned, med det til følge at barn og unge tapte viktige fritidstilbod. Eg går ut frå at representanten Thommessen deler engasjementet for å gje ungdom ein meningsfull oppvekst. Og då er det spennande å høyre kva tiltak det er Høyre og representanten Thommessen ønskjer å satse på, som let seg kombinere med at det framleis er trong kommuneøkonomi og svekt støtte til barne- og ungdomsarbeidet i kommunane.

Olemic Thommessen (H) [10:56:56]: Nå er det faktisk slik at det er litt forskjell på hvordan kommunene håndterer dette. Representanten Sande vil kanskje være kjent med at mange Høyre-styrte kommuner faktisk har en høyere bruk av midler til kulturtiltak, og i kommunen betyr det svært ofte mer midler til barn og unge enn hva vi ser i en del røde og kanskje også rød-grønne kommuner. Det viktigste her er å gi kommunene frihet til å kunne prioritere, og til å kunne innrette økonomien sin slik at man faktisk kan ta i bruk de ønskede tiltak. Her er det jo store forskjeller mellom kommuner. Det er stor forskjell på små kommuner på kanskje et par tusen innbyggere og svære byer, som Oslo, som vi er i i dag. Men vi ser at hvis kommunene har armslag og har rom til å prioritere, vet vi at lokale kommunestyrerepresentanter ønsker å løfte nettopp dette feltet frem. Og så stor tillit har faktisk Høyre til det lokale demokratiet og til våre lokale politikere at vi ser at dette vil løse seg godt.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til replikk.

Presidenten regner med at representanten Thommessen ønsker å ta opp forslag.

